ALVER
KOMMUNE

Bergen og omland friluftsråd
Hellebakken 45
5039 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Raniseth | 23.02.2021 |
| Vår: 20/8340 - 21/11965 | ingrid.raniseth@alver.kommune.no | |

# Detaljregulering for fv. 564 Fløksand-Vikebø - Offentleg ettersyn og høyring

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for areal, plan og miljø 11.11.20, som sak 149/20, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentleg ettersyn.

*Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Alver kommune utarbeidd detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for fv. 564 Fløksand - Vikebø. Prosjektet omfattar fv. 564 frå Fløksand til Vikebø på Holsnøy i Alver kommune og omfattar regulering av ca. 4 km med fylkesveg med parallell gang- og sykkelveg. Prosjektet er knytt til Nordhordlandspakken, og er nr. 4A på lista over prioriterte prosjekt i pakken.*

Utvalet vedtok å leggja ut to alternativ på offentleg høyring, A1 og A2 på strekninga frå Fløksand til kryss med Bjørndalsvegen ved Rylandsvatnet. A1 er skildra i planomtalens kapittel 11 med vekt på endringar og ulikskapar i forhold til alternativ A2. Begge alternativ vert lagt ut på høyring med tilhøyrande plankart og føresegner. Plankart og VA-teikningar på strekninga frå Bjørndalsvegen til Rossland ligg under alternativ A2.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

Felles plandokument

1. Planomtale_Fv.564
2. Merknader_oppstartsvarsel_Fv.564
3. Merknadskart_Fv. 564
4. ROS-analyse_Fv.564
5. KU_friluftsliv_Fv.564
6. KU_kulturarv_Fv.564
7. KU_landskap_Fv.564
8. KU_naturmangfold_Fv.564
9. KU_naturressursar_Fv.564
10. Støyrapport_Fv.564
11. Flomvurdering_Fv.564
12. Geoteknisk_rapport_2018_Fv.564
13. Geoteknisk_rapport_2019_Fv.564
14. GeotekniskDatarapport_2019_Fv.564
15. Geoteknisk_rapport_utfylling_Fv.564
16. Vedtak_Fv.564

Alternativ A1:

17. Føresegner_A1_Fv.564
18. Plankart_A1_Fv.564
19. VA_rammeplan_A1_Fv.564
20. Vegteikningar_A1_Fv.564
21. Støyteikningar_A1_Fv.564

Alternativ A2

22. Føresegner_A2_Fv.564
23. Plankart_A2_Fv.564
24. VA_rammeplan_A2_Fv.564
25. VA_teikningar_A2_Fv.564
26. Vegteikningar s_1-13_A2_Fv.564
27. Vegteikningar s_14-26_A2_Fv.564
28. Støyteikningar_A2_Fv.564

Plandokument og vedtak er tilgjengeleg på heimesida under Høyringar og kunngjeringar.

**Perioden for offentleg ettersyn er sett frå 24.02.21 – 14.04.21**

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjema som ligg under kunngjeringa på heimesida, sende e-post til post@alver.kommune.no, eller sende brev til Alver kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til Plan v/ Arealforvaltning.

Merknadsfrist er sett til **14.04.2021**

## Digitalt informasjonsmøte

17. mars klokka 1800 inviterer Alver kommune og Vestland fylkeskommune til digitalt informasjonsmøte.

I tillegg til ei orientering om arbeidet, vil det vere høve til å stille spørsmål til kommunen og prosjektleiinga. Spørsmål kan sendast på e-post til: ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Følg informasjonsmøtet direkte på alver.kommune.no.

Vi vil også invitere til ein open kontordag for dei som ynskjer eit eige møte. Tid og stad, samt informasjon om påmelding til kontordagen, kjem på alver.kommune.no.

Med helsing
Alver kommune Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Ingrid Raniseth |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*